



## PROGNOSEINNTAK 2015-2016 - KOMMENTARAR

Prognosetala for Etne vidaregåande skule er vesentleg betre samanlikna med fjaråret.

Søkjarar med ungdomsrett har auka med 23.

Søkjarar frå RFK (31) syner auke med meir enn 200% 😊

Søkjartalet til TIP VG1 har auka vesentleg (Søkjartalet til TIP VG1 syner manglande prioritering i høve ungdomar frå RFK - ingen karakterar er oppgitt, elevane frå Vindafjord står difor på venteliste og konkurrer openbart ikkje med elevar frå HFK?????)

Søkjartalet til Idrettsfag er berekraftig (skulen har neste år ikkje tilbod på VG3 nivå, då ein dette året ikkje har VG2) Likevel er det openbart, når ein ser på interessa på utdanningsval, at utdanningsprogrammet har fått fotfeste blant ungdomar i vår region. Me forventar å ha idrettsfag på 3 nivå skuleåret 2016-2017.

Til tala er det likevel knytt nokre usikre moment grunna fritt skuleval mellom HFK og RFK.

Ungdomar frå dei 2 fylkja søker på 2 skjema i vigo. Ungdomar frå Vindafjord kan ha søknad på høgare prioritert i RFK. Ungdomar frå Etne kan ha søkt utdanningsprogram ved skular i RFK i tillegg til at dei også kan ha søkt private skular.

*Endeleg avklaring, søkjartal skuleåret 2015-2016 kan ein difor angiveleg ikkje vente før tilsvær frå elevar etter 1. inntak.*

Etne vidaregåande skule har vidare 2 utdanningsprogram som også nasjonalt er råka av nedgang, Design og handverk og Medier og kommunikasjon. VG1 DH ser likevel ut til å vere berekraftig (sjå framlegg til organisering under) VG 2 Interiør og utstilling vert ikkje aktuell å oppretthalde, då skulen dette året ikkje har VG1. Elevtalet på MK spesielt på VG1 har nådd grensa av kva som er fagleg pedagogisk- og økonomisk forsvarleg. Me vurderer difor, at det ikkje er realistisk å bevare tilboden på MK VG1, men vil legge til rette for MK VG2 i samorganisering med VG1 DH (sjå framlegg til organisering under)

Etter prognoseinntaket har leiinga ved skulen sjølv sagt drøfta, korleis ein best mogleg kan gi fagleg og organisatorisk tilbod innan ei forsvarleg økonomisk ramme, der det primært er tilboda knytt opp mot MK, som har vårt fokus. ATV er 16.03. informert om desse kommentarar.

### Merknad til fysiske rammer:

Skulen i Skakke er framleis heilt ny. Drift av skulen fram til 2022 er formulert i eigne avtaler med Kulturhuset a/s og kommune. På Tesdal er eit stort renoveringsprosjekt i samarbeid med Eigedomsavdelinga ferdigstilla. Etne vidaregåande skule framstår i høve fysiske rammer, som ein flott velutrusta og veltilpassa arbeidsplass for elevar og tilsette både i Skakke og på Tesdal.

### **Merknad til utstyr:**

Skulen vår er framleis ny og i tillegg til opprusting på Tesdal, medfører dette, at Etne vidaregåande skule også har utstyr og undervisningsmateriell som stetter undervisninga optimalt. Både den digitale opprustinga, utstyr og undervisningsmateriell held høy standard i alle utdanningsprogram.

### **Merknad til økonomi – førebels vurdering**

Skulen sitt store disposisjonsfond har blitt redusert til 1.724.000.00 som eit ledd i HFK sin nye strategi i høve disposisjon, oppsparte midlar.

Trass i at fondsmidlar opphavleg ikkje kan nyttast til lønn, er det openbart at fondsmidlar tidlegare har stabilisert og sikra kvaliteten på utdanningstilbodet ved ETV. Leiinga kan vere bekymra for at ein stram økonomisk situasjon (budsjett et redusert med neste 2.000.000.00 i tillegg til betrakteleg reduksjon i oppspart disposisjonsfond) på sikt kan påverke det samla tilbodet. Marginale tilbod har trong for stabil buffer!

Leiinga vil difor sende søknad til Opplæringsavdelinga om å få tilbakeført deler av opphavleg disposisjonsfond til å vedlikehalde/oppretthalde stillingar, og sikre at skulen vidare kan halde fram med pedagogisk utviklingsarbeid av høy kvalitet, trass i at elevtalet framleis er noko avgrensa.

### **Oversikt over førebels prioritering skuleåret 2015-2016**

Grupper/klasser skuleåret 2015 -2016: 6 klasser  
 1 klasse VG1 DH; 1 klasse: VG2 MK; ½ klasse: VG1 IDR; ½ klasse VG2 IDR; 1 klasse: VG1 TIP;  
 1 klasse: VG2 TIP (AMK og KJ);  
 ½ klasse VG3 Påbygg 30 og ½ klasse: VG3 Påbygg 23

### **Til orientering vedr. MK**

Leiinga ved skulen har i dialog med inntaksleiar Nils Skarvhellen 24.03. 15 bede om at det vert laga kontroll for om mogleg å avdekke dobbelsøknad både frå HFK og RFK.  
 Dobbelsøknad som på ein liten skule kan få store konsekvensar for planlagt tilbod – og også for ressurs ev. overtal i personalet. Inntaksleiar vil melde tilbake til skulen før 09.04.

	<b>MK2 Programfag/PFO</b>	<b>DH1 Programfag/PFO</b>	<b>MK2 Fellesfag</b>	<b>DH1 Fellesfag</b>
<b>Organisering</b>	Saman m. DH1 i 7 av 17 timer, programfag Saman m. DH1 i 6 timer PFO Saman m. TIP2 i 1 time PFO	Saman m. MK2 i 7 av 17 timer, programfag. Saman med MK2 i 6 timer PFO	9 timer saman med TIP2	12 timer saman med TIP1
<b>Ressursbruk MK2/DH1</b>	<b>36 timer : Programfag og PFO Fellesfag vert avvikla i saman med TIPVG1 og VG2 (eksisteranderessursbruk)</b>			

**Konklusjon:**

Prognoseinntaket syner auke søkeratal til ETV. Det kan vidare sjå ut som om det frie skulevalet kan ha sikra ETV ein større søkerarmasse frå RFK. Dette året primært på TIP, der me diverre ikkje kan nytte oss av det grunna plass i verkstaden.

Likevel medfører prosjekt Fritt skuleval angiveleg større grad av usikre moment til endeleg søkeratal. Dette kan få store konsekvensar både i høve tilbodsstruktur og personalsituasjon.

Den økonomiske situasjonen til skulen har endra seg radikalt – og med dette kanskje moglegheita for å sikre stabilitet og kontinuitet. Me har tidlegare sikra stillingar gjennom prioritering av utviklingsprosjekt. Redusert økonomisk handlefridom og moglegheit for prioritering, kan medføre at staben av høyt kvalifiserte lærarar etter kvart vert mindre trygge på, at leiinga kan sikre stabile arbeidsplasser og dermed det ekstraordinære gode skuletilbodet til ungdomar i vår region. Me vil nødig si opp kompetente lærarkrefter eller avvikle godt innarbeidd utdanningsprogram, når me har tru på, me kan få det til, og det er fagleg, pedagogisk og økonomisk forsvarleg.

Etne vidaregåande skule ynskjer, gjennom oppsett til innsparing over, bruk av eksisterande disposisjonsfond og ev tilbakeførte midlar, å oppretthalde stillingar til neste år og gi elevar moglegheit for å få oppfylt dei gode val dei tek – når dei vel ETV – også framover i tid.

Etne, 26.03. 2015

Marion Kallevik

Rektor